

Saksbehandlar: Tor-Einar Holvik Skinlo
Sak nr.: 21/529-1

Prosess budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til prosessen for arbeid med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I kommunal og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for økonomiplanlegging i kommunar, tilrår ein at politisk leiing tidleg på året vedtek ein plan for gjennomføring av økonomiplanprosessen. I samsvar med dette legg rådmannen fram ein plan for arbeidet i 2021.

Økonomiplan med handlingsdel er den kortsiktige del av kommuneplanen og inneheld ei konkretisering av den langsiktige kommuneplanen. Planen skal vise korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne politiske mål. Denne har eit 4 års perspektiv og skal rullerast kvart år. Dette inneber at økonomiplan skal oppdaterast i forhold til nye rammevilkår, politiske vedtak og andre premisser som har økonomiske konsekvensar for kommunen i den kommande fireårsperioden.

Årsbudsjettet er ein bindande plan for bruken av kommunen sine midlar i budsjettåret. Kommunestyret sine prioriteringar samt dei målsetjingar og premisser som budsjettet byggjer på, skal komme tydeleg frem. Årsbudsjettet er identisk med første år i økonomiplanen.

Planen for gjennomføring av økonomiplanprosessen tek utgangspunkt i vedtaket om at ein skal nytte finansutvalsmodellen.

Arbeidsmetode

Hovudmålet med bruk av finansutvalsmodellen er å sikre politisk involvering og medverke til at den politiske leiinga får eigarskap til budsjettet som styringsverktøy. Gjennom dette sikrar ein grunnlag for prioriteringane som må gjerast for å få samsvar mellom kommunal aktivitet og økonomiske rammer. Det vert også ein opnare prosess der alle vil ha lik tilgang på informasjon undervegs, og alle vil kunne kome med innspel og delta aktivt.

Prosessvedtak

Prosessvedtaka som vert gjort i finansutvalet tek budsjettprosessen vidare. Dei gjev naudsynte signal til rådmannen, og gjeld fram til finansutvalet sjølv endrar dei. Vedtaka vert først bindande når formannskapet gjer vedtak om å legge framlegget sitt til budsjett og økonomiplan fram for politisk slutthandsaming i november. I arbeidsdokumentet er tilrådingar til prosessvedtak sett opp i eigne vedtaksboksar. Det er lagt opp til at ein gjer prosessvedtaka suksessivt medan ein går gjennom arbeidsdokumentet. Alle

prosessvedtaka vert summert opp i saksprotokollen, og det er det som er eksplisitt nedfelt i protokollen som rådmannen kan arbeide vidare med.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomiplanlegginga skjer gjennom heile året. Dei fleste kommunar har prosessane med økonomiplan og årsbudsjettet i same løp. Alternativet er at økonomiplanen har ein eigen prosess som endar opp med eit vedtak, normalt like før eller like etter sommaren, og i forkant av arbeidet med årsbudsjettet. I departementet sin rettleiar blir det peika på at fordelene med å skilje prosessane, er at politikarane blir invitert til å rette merksemda mot det langsiktige perspektivet. Ulempa er at dette er svært ressurskrevjande både for rådmannen og dei folkevalde. I tillegg må ein ta med seg dei oppdaterte rammene som kjem i forslaget til statsbudsjett i oktober og oppdatere økonomiplanen med denne nye informasjonen. I framlegget til prosess har ein forsøkt møte dei ulike omsyna med å legge vekt på dei langsiktige linene på våren og arbeidet med budsjett 2022 til hausten. Rådmannen har også lagt opp til involvering av komiteane/utval i finansutvalet sitt arbeid. Dette vil bidra til breiare politisk forankring, men vil også gjere prosessen meir omfattande.

Vår 2021

1. Finansutval 17. mars

Rådmannen legg fram arbeidsdokument 1/21. Aktuelle tema er:

- A. Finansielle måltal – gjennomgang og vurdering
Kommunestyret skal fastsetje finansielle måltal for utviklinga i kommunen sin økonomi. (Kopl §14-2). Måltala må tilpassast den enkelte kommune og skal vere langsiktige. Dei finansielle måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet. Følgjande måltal er retningsgivande for Sogndal kommune:
- *Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter- 1,75%*
 - *Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter - 10%*
 - *Lansiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktelsar) i prosent av brutto driftsinntekter – 75%*
- B. Gjennomgang av føresetnader i økonomiplanen
C. Prinsipp for langsiktige prioriteringar og arbeid med innsparingskrav.
D. Investeringar - Særleg gjennomgang av investeringsbudsjettet. Aktuelle moment:
- forskyving i tid
 - sekkepostløyvingar
 - igangsette prosjekt
 - «gjeldsgrad»
 - eksterne finansieringskjelder
 - innsparingar i drift, t.d. vedlikehaldskostnader, leigekostnader m.m.
 - evt. nye investeringar som er innmeldt med driftskonsekvensar
 - sal av eigedom

2. Finansutval 19. mai (ekstramøte opp mot vedteken møteplan)

Rådmannen legg fram arbeidsdokument 2/21. Aktuelle tema er:

- A. Rekneskapsresultat 2020 – vurdering av evt. justeringar i budsjettet
B. Tertialrapport 1-21. Evt. justeringar i budsjettet for åra 2022-25
C. Driftsbudsjett – kortsiktig vs. langsiktige prioriteringar. Oppdateringar.
D. Prioriteringsliste/utgreiingsliste per sektor. Evt. nye satsingar.
E. Utarbeide bestilling til utval/komitear for uttale.

3. Møte i utval og komitear 8. juni

- A. Utarbeide uttale til finansutvalet ut frå bestilling 19. mai.

4. Finansutval 9. juni

Rådmannen legg fram arbeidsdokument 3/21. Aktuelle tema er:

- A. Prosessvedtak på dei langsiktige økonomiske prioriteringane. Både drift og investering.
- B. Tydelege signal på kva investeringar som skal prioriterast og jobbast vidare med. Dette må og vurderast opp i mot driftskonsekvensar og kva langsiktige driftstilpassingar som vert lagt til grunn/skal utgreiast vidare.
- C. Prosessvedtak på sektornivå er utgangspunkt for arbeidet med detaljering av budsjett 2022.

I møteplanen er det sett opp finansutval 8. september, dette møte kan vere i reserve.

5. Møte i utval og komitear 28. september

- A. Utarbeide uttale til finansutvalet på prioriteringar i driftsbudsjettet på sektornivå

6. Finansutval 29. september

Rådmannen legg fram arbeidsdokument 4/21. Aktuelle tema er:

- A. Budsjett for 2022 – prioriteringar i driftsbudsjettet på sektornivå

7. Finansutval 20. oktober (framlegg om å flytte møte til 27. oktober)

Rådmannen legg fram arbeidsdokument 5/21. Finansutvalet sitt framlegg til budsjett/økonomiplan 2022-2025. Eit fullstending opplegg frå rådmannen si side. Budsjettdokument kan evt. ettersendast/kome seinare. Men hovudprioriteringane må vere klare. Statsbudsjettet blir lagt fram 13. oktober. I lys av dette bør truleg dette møte flyttast til 27./28. oktober.

8. Formell slutthandsaming av budsjett/økonomiplan 2022-2025 – ut i frå finansutvalet sitt framlegg.

- Formannskapet 24.nov – sende på offentleg ettersyn (framlegg om å flytte møte til 17. november)
I møteplanen er det sett opp møte i formannskapet 24. november, rådmannen gjer framlegg om at det vert sett opp ekstra møte den 17. november eller at møte 24. november vert flytta til 17. november. Dette for å sikre at vedtak frå formannskapet kan innarbeidast i endeleg budsjett og økonomiplan før dokumentet vert lagt ut til offentleg ettersyn.
- Kommunestyret 9. des